



Absolutt Form  
Bredsgåren 2 E, Bryggen  
5003 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1239 - 19/22844

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
26.07.2019

## Ferdigattest tilbygg og påbygg til bustad - gbnr 188/135 Gjervik ytre

### Administrativt vedtak. Saknr: 437/19

**Tiltakshavar:** Frode Nygaard Knutsen

**Ansvarleg søkjar:** Absolutt Form

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve datert 27.06.14, igangsettingsløyve datert 24.09.14, endringsløyve 27.01.15, igangsettingsløyve datert 20.07.17. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 01.04.19.

### Skildring

Adresse:	Strandvegen 67
Bygningstiltak:	Tilbygg og påbygg til einebustad, samt uinnreia kjellar i del av tilbygg
Bygningsnummer:	176254017-1
Bruksarealtilbygg:	111 m <sup>2</sup>

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg og påbygg til einebustad på gbnr. 188/135 jf. rammeløyve datert 27.06.14.**

**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1239**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Absolutt Form	Bredsgåren 2 E, Bryggen	5003	BERGEN
Frode Nygaard Knutsen	Strandveien 67	5914	ISDALSTØ
Frode Nygaard Knutsen	Strandveien 67	5914	ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Absolutt Form	Bredsgåren 2 E, Bryggen	5003	BERGEN
---------------	-------------------------	------	--------